



## MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Boligsenteret  
Ervikveien 70 b

5106 ØVRE ERVIK

Dykkar ref.

Vår ref.

HKD

Journalp.ID 12/11707

ArkivsakID 2012001618

Arkiv nr. GBNR-10/187, N-505

Dato 03.09.2012

### REGULERINGSPLAN HOLMEMARKA AUST - SØKNAD OM MINDRE ENDRING - DELFELT B3 OG B4

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	30.08.2012	HKD	361/12

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.08.2012	Boligsenteret	SØKNAD OM MINDRE VESENTLIG REGULERINGSENDRING - GNR 10 BNR 187, DELFELT B3 OG B4
3	U	29.08.2012	Boligsenteret	REGULERINGSPLAN HOLMEMARKA AUST - MELDING OM VEDTAK
4	U	03.09.2012	Boligsenteret	REGULERINGSPLAN HOLMEMARKA AUST - SØKNAD OM MINDRE ENDRING - DELFELT B3 OG B4

#### Saksutgreiing:

Boligsenteret Bergen AS har ved søknad stempla motteke 09.08.2012 søkt om mindre endring av del av reguleringsplanen for Holmemarka Aust. Endringa gjeld delfelt B3 og B4 på eigedom gnr. 10 bnr. 187 , og viser endra tilkomst til dei enkelte bustadene. I staden for avkjørsler og garasjar mellom bustadene / i tomtegrensene, er avkjørslene og bygningar tilpassa terrenget og dei enkelte tomtene.

Søkjar skriv at formålet med endringa er å etterkome kravet i plan- og bygningslova om tilkomst for alle, og å få til ei betre terrengtilpassing enn om reguleringsplanen skulle følgjast. Endringa gjer at alle bustadene vil få livsløpstandard.

Naboar er varsla med frist for merknader sett til 19.07.2012. Det er ikkje motteke merknader til søknaden. Saka rører ikkje ved andre offentlege mynde sitt ansvarsområde.

---

**Adresse**

Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Besøksadr. Havnevegen 41A  
postmottak@meland.kommune.no

**Telefon:**

56 17 10 00

**Telefaks:**

56 17 10 01  
avd. 56 17 11 61

**Bankkonto:**

1503.18.83722

**Heimeside:**

www.meland.kommune.no

**Kartinformasjon:**

www.nordhordlandskart.no

## **Vurdering:**

Reguleringsplanen for Holmemarka er relativt detaljert, og viser m.a. prinsipp for avkjørsler, bygningsplassering og byggjegranser. I samband med prosjektering av bygningane på dei enkelte tomtene, er det avdekka at reguleringsplanen ikkje tok omsyn til terrengtilhøva den gongen prinsippa vart nedfelt.

Profilar og snitt som følgjer byggesøknadene viser tydeleg korleis bygningar og anlegg kan plasserast og utformast utan store terrenginngrep, murar og trappeløysingar, dersom ein vel andre løysingar enn kva reguleringsplanen legg opp til.

Admnsitrasjonen vurderer at den omsøkte endringa oppfyller krava til universell utforming på ein betre måte enn reguleringsplanen legg til rette for, og ser at endringa inneheld klare fordelar for området samla sett. Endringa reduserer ikkje trafikktryggleiken.

Tilsvarande vurderingar vil komme for dei øvrige felta i same delområde. Det må sendast inn eit revidert plankart for delområdet der alle endringane er teke med, i tråd med reglane for framstilling av plankart og endringar. Dette omfattar også det første delfeltet der det frå før er gjort vedtak om mindre endringar.

## **VEDTAK**

Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 2. ledd, søknad om mindre endring av reguleringsplanen for Holmemarka Aust, i samsvar med søknad stempla motteke 09.08.2012, og som vist på utsnitt av plankartet stempla motteke same dato.

Det må sendast inn revidert plankart for planområdet der endringane i alle delfelta er teke med, i samsvar med gjeldande reglar for framstilling av digitale plankart.”

Gebyr for sakshandsaminga følgjer vedlagt.

*Dette vedtaket kan påklagast etter pbl § 1-9, jf. forvaltningslova § 28.Sjå vedlagte skjema.*

**Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester**

**Anny Bastesen  
kommunalsjef**

**Hans Kristian Dolmen  
Arealplanleggjar**